

BRYLLAUPSSONG TIL JADE OG RAV

Kvar er han på veg i sine mange fartøy? På sine sledar?
I sine skip? Fartøy som ber eit ansikt eller ein lysande måne. Fartøy som sjølv er forma som kvinnekroppar eller som båtar med gjennomsynlege skrog der språket vårt kan skimtast som halvt løynd last.

Han kjem frå arkaiske hamner, frå storslåtte festar der Venleik har gifta seg med Nytt og der brud og brudgom heitte Jade og Rav. Overdådig ornamentale bryllaup i blått og marmor, giftarmål mellom søyler av tre og granitt med ei brud som brått skrattar.

På vegen mot det ukjente landet Framtid, vitja han moderne metropolar der pleksiglas og påfuglfjører var løyndomsfulle kjærastar i smekre skrin. Seglande fuglar over stille morgonvåg var smil og mjuke kinn.

Han har vitja skjulte kongar og namngjevne diktarar som Olav, Jens og Jan Erik. Han er på ei reise gjennom morgonvegg og kveldsblå ro, med musikarar om bord. Klanger finst av flygel, fiolin, saksofon og kviskrekor i fløyel blå natt. Av og til tok båten sjølv form av eit velkjent og nyskapt instrument.

Heller ikkje for han er alt harmoniske klanger; angstfigurar og torturerte minne er han innom, og her er smertefulle fødsjar og kister fulle av tankar.

Monumentale mørke fjell av natt, der Det tredje Dyret søv, har han drege forbi i si reise av tid. Han har sett deg dansa inne på land. Som ei lilje. Han har sett skuggeskrin, tankehus og pannemerke.

Og heile tida har han vore omgjeven av venger. Og heile tida har han alltid visst kvar han skulle. Heilt frå første stund. I alle hamner, på fleirfaldige flyplassar var dette alltid klart;
han skal heim.